

Språkrådet

Høringsfråsegn om forslaget til ny opplæringslov og endringar i friskulelova

Innleiing og samandrag

Språkrådet er statens fagorgan og forvaltningsorgan i språkspørsmål og følgjer opp den norske språkpolitikken på oppdrag frå Kulturdepartementet. Etter § 19 tredje og fjerde leddet i [lov om språk \(språklova\)](#) skal Språkrådet føre tilsyn med korleis statsorgan praktiserer og etterlever rettsreglane, og rettleie det offentlege i kva som er beste praksis for å fremje og verne dei språka som lova omfattar.

Språkrådet viser til høyringsbrevet frå Kunnskapsdepartementet datert 26. august 2021 om framlegg til ny opplæringslov og endringar i friskulelova. Opplæringslova regulerer ei rekkje språkpolitiske område og er såleis ei sentral språklov. Retten til opplæring i og på eige språk er ein føresetnad for at elevane skal kunne få god opplæring i det heile.

Språkpolitikken legg vekt på at dei språklege interessene til elevane skal varetakast. Dersom dette skal skje i praksis, må formelle rettar takast inn i opplæringslova.

I fråsegna her peikar vi på korleis den nye opplæringslova best kan leggje til rette for å sikre måla for språkpolitikken i Noreg. Språkrådet ber regjeringa ved Kunnskapsdepartementet ta stilling til framlegga.

Dei mest sentrale innspela frå Språkrådet er oppsummerte i kulepunktlista under og omhandlar i hovudsak dei følgjande kapitla i høyringsnotatet:

- 7 *Formålet med loven, hva og hvor loven gjelder og formålet med opplæringen*
- 10 *Opplæringsspråk og talemål*
- 11 *Bokmål og nynorsk i opplæringen*
- 12 *Læremidler*
- 19 *Hvilken skole elevene skal gå på*
- 20 *Fjernundervisning*
- 26 *Opplæring i og på norsk tegnspråk*
- 28 *Opplæring i kvensk og finsk*
- 43 *Rett til grunnskoleopplæring og videregående opplæring for voksne*
- 48 *Personalet i skolen*
- 57 *Oppfølging når et vedtak ikke gjennomføres*

I tillegg er kapitla 24, 27, 37 og 60 relevante for innspela våre.

Til kapittel 2 Føremålsparagrafane i opplæringslova

- Språkrådet meiner føremålsparagrafen for opplæring må innehalde språkpolitiske forpliktingar som sikrar at elevane får dei språklege rettane og interessene sine varetekne, i tråd med språkpolitikken.

Til kapittel 3 Opplæringsspråka i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa

- Språkrådet stør framlegget om å presisere i lova at opplæringspråka i Noreg er norsk, samisk og norsk teiknspråk.
- Språkrådet meiner lova bør opne for at det kan gjevast opplæring på dei nasjonale minoritetsspråka som Noreg har ansvar for: kvensk, romani og romanes.
- Språkrådet er einig i at vernet om talemålet i skulen skal vidareførast, og i at lova bør gjere det klart at regelen gjeld i heile grunnopplæringa.

Til kapittel 4 Opplæringa i og på norsk teiknspråk

- Språkrådet er einig i å vidareføre retten til opplæring i og på norsk teiknspråk i grunnopplæringa og ser det som svært positivt at kravet om sakkyndig vurdering blir teke bort.
- Språkrådet stør ikkje framlegget om at vilkåret for rett til teiknspråkleg opplæring skal vere at eleven er høyrselshemma.
- Språkrådet meiner det bør presiserast i lov eller forskrift at retten til opplæring i og på norsk teiknspråk ikkje kan dekkjast inn ved at ein brukar tolk.
- Språkrådet meiner det er behov for å lovfeste eit unntak frå nærskuleprinsippet for teiknspråklege barn.
- Språkrådet stør ikkje framlegget om at høyrselshemma elevar skal kunne velje bort opplæring i og på norsk teiknspråk frå 8. trinn.
- Språkrådet meiner teiknspråklege elevar i grunnskulen må få ein sjølvstendig rett til skyss.
- Språkrådet stør ikkje framlegget om at retten til tolk blir teken inn i paragrafen om rett til opplæring i og på teiknspråk i vidaregåande opplæring.
- Språkrådet gjer framlegg om at elevar i vidaregåande skole må få rett til opplæring i og på teiknspråk i eit teiknspråkleg miljø.
- Språkrådet stør ikkje framlegget om at retten til teiknspråkopplæring berre skal gjelde innanfor dei utdanningsprogramma og programområda som dei enkelte vidaregåande skulane har tilbod om.
- Språkrådet rår til at krava til teiknspråkleg undervisningskompetanse blir skjerpa.
- Språkrådet meiner fjernundervisning ikkje kan nyttast som opplæringsform for teiknspråklege elevar.
- Språkrådet meiner teiknspråklege elevar må få rett til læremiddel på lik linje med norsk- og samiskspråklege elevar.

Til kapittel 5 Opplæringa i romani, romanes og kvensk

- Språkrådet stør framlegget om å innføre ein individuell rett til opplæring i kvensk eller finsk for elevane i grunnskulen i Troms og Finnmark.
- Språkrådet meiner at retten til opplæring i kvensk eller finsk også må gjelde for elevar i vidaregåande skule.
- Språkrådet meiner at retten til opplæring i kvensk eller finsk må gjelde uavhengig av kvar i landet eleven er busett.
- Språkrådet meiner at retten til opplæring i kvensk eller finsk må gjelde uavhengig av etnisk bakgrunn.
- Språkrådet meiner det vil vere positivt å bruke fjernundervisning som ei alternativ opplæringsform for kvensk og finsk, innanfor visse rammer.

- Språkrådet meiner at romanes må takast inn som eige fag i grunnskulen.
- Språkrådet meiner at romani må takast inn som eige fag i grunnskulen.
- Språkrådet meiner at retten til læremiddel må følgje retten til opplæring og dermed også må gjelde for elevar som får opplæring i nasjonale minoritetsspråk.

Til kapittel 6 Opplæringa i norsk, særleg nynorsk

- Språkrådet stør framlegget om å vidareføre retten til opplæring på anna hovudmål og retten til å tilhøyre ei eiga elevgruppe i barneskulen. Språkrådet meiner det bør vere foreldra, og ikkje kommunen, som skal velje skule i dei tilfella der elevane er spreidde på fleire skolar.
- Språkrådet er einig i at retten til å tilhøyre ei eiga elevgruppe blir utvida til å gjelde elevar i ungdomsskulen.
- Språkrådet stør framlegget om å vidareføre kravet om rådgjevande folkerøysting om hovudmål ved skulane.
- Språkrådet er einig i at kravet til kompetanse i undervisningsfag blir vidareført, og i at det skal vere tydelegare i lova at krava er retta mot kommunen og fylkeskommunen. Språkrådet meiner det ikkje må vere høve til å fråvike kravet om at lærarane skal ha relevant kompetanse i norskfaget.
- Språkrådet stør framlegget om å vidareføre retten til velje bokmål eller nynorsk i læremiddel i grunnskulen og at det blir tydeleg i lova at retten også skal gjelde for elevar i den vidaregåande skulen.
- Språkrådet rår til at det framleis skal vere lovfesta at lærebøkene i norskopplæringa skal vere på hovudmålet, og at lesebøkene i norskfaget skal ha nok tilfang på begge dei norske skriftspråka.
- Språkrådet er einig i at parallellitetskravet må vidareførast, men meiner at læremiddeldefinisjonen i lovframlegget ikkje femnar den reelle situasjonen i skulen.
- Språkrådet er einig i å lovfeste eit krav om at skriveprogram som blir bruka i skulen, skal stø både bokmål og nynorsk, men meiner at kravet må formulerast utan atterhald.
- Språkrådet meiner at Utdanningsdirektoratet må gjere parallellitetskravet til tema for nasjonale tilsyn.
- Språkrådet gjer framlegg om ein forskriftsheimel som kan leggje til rette for sentrale ordningar som sikrar at kommunane og fylkeskommunane etterlever parallellitetskrava.

Til kapittel 7 Oppfølging når eit vedtak ikkje blir gjennomført

- Språkrådet stør framlegget om å innføre ein oppfølgingsmekanisme når skoleeigaren ikkje gjennomfører vedtaka sine.
- Språkrådet meiner vedtak om opplæring i og på norsk teiknspråk og vedtak om opplæring på kvensk eller finsk må omfattast av ordninga.

1. Bakgrunn for framlegga, vurderingane og synspunkta frå Språkrådet

1.1 Om språklova og ansvaret til sektorane

Regjeringa la i mai 2020 fram eit forslag til språklov, Prop. 108 L (2019–2020) Lov om språk (språklova)¹, som vart vedteke av Stortinget våren 2021. Lova trer i kraft 1. januar 2022. I proposisjonen blir måla for språkpolitikken slått fast. Hovudmålet er at norsk skal sikrast som hovudspråk og samfunnsberande språk i Noreg. Språkpolitikken er sektorovergripande. Det vil seie at alle departement skal ta språkpolitiske omsyn når dei utformar og gjennomfører sin eigen sektorpolitikk.

I språklova § 1 heiter det at det offentlege skal ta eit særleg ansvar for å bruke, utvikle og styrkje norsk språk, både bokmål og nynorsk, og språkpolitikken skal fremje reell jamstilling mellom dei to skriftspråka. Det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst bruka språket. Dette inneber at situasjonen for nynorsk blir vurdert særskilt, til dømes i politikktutvikling eller lovarbeid som gjeld norsk språk.

Lova seier òg at offentlege organ skal ta ansvar for å bruke, utvikle og styrkje samiske språk og verne og fremje dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk. Høyringsfråsegna her behandlar dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk, men ikkje samiske språk spesielt, fordi det er Sametinget som har det formelle ansvaret for dei.

1.2 Om samanhengen mellom språklova og opplæringslova

Eit hovudmål i den norske språkpolitikken er at norsk skal vere det samfunnsberande språket og hovudspråket i Noreg. For at dette skal vere mogleg, er det svært viktig at opplæringssektoren sikrar god opplæring i og på norsk. Denne sektoren er òg viktig for statusen til det norske språket i samfunnet. Språklovsproposisjonen slår fast at det er avgjerande at utdanningssektoren tek omsyn til språkpolitikken i utforminga av innhaldet i skulen.

Når opplæringslova skal reviderast, må språklege omsyn derfor vurderast spesielt. I språklovsproposisjonen står det at oppfølginga av framlegget frå opplæringslovutvalet (NOU 2019: 23) «vil vere i tråd med dei overordna prinsippa for språkpolitikken slik dei vil kome til uttrykk i ny språklov».²

Av språklovsproposisjonen går det òg fram at Språkrådet har eit særleg ansvar for å bidra til samordning av den sektorovergripande gjennomføringa av språkpolitikken, og regjeringa forventar at Språkrådet og dei sentrale organa på utdanningsområdet samarbeider vidare om oppfølging av språkpolitikken på opplæringsfeltet.³

2 Føremålsparagrafane i opplæringslova

2.1 Føremålet med lova

I NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov* viste opplæringslovutvalet til at det låg utanfor mandatet til utvalet å «vurdere eller foreslå innholdsmessige endringer i formålsparagrafen», det vil seie i § 1-1 i gjeldande lov. Utvalet argumenterte likevel for at lova bør innehalde ei eiga føresegn om kva føremålet med lova er. Grunngevinga var behovet for ei samordning av føremåla i

¹ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*.

² Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*, s. 55.

³ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*, s. 59.

lovene som gjeld opplæring, mellom anna universitets- og høgskulelova. Utvalet utforma derfor ein heilt ny føremålsparagraf, § 1-1.

Til liks med utvalet gjer departementet no framlegg om å lovfeste ei eiga føresegn om kva som er føremålet med lova, i § 1-1 første leddet. Språkrådet stør ei slik samordning av føremåla i lovene som omhandlar opplæring. Vi meiner dette kan sikre eit meir konsekvent og heilskapleg regelverk på opplæringsfeltet.

2.2 Føremålet med lova

Språkrådet ser samordninga av føremålsparagrafane i lovverket som eit argument for å gjere ei mindre innhaldsrevidering av føremålet med opplæringa, noko vi også tok til orde for i høyringsfråsegna til NOU 2019: 23.

Universitets- og høgskulelova inneheld eit eksplisitt språkleg føremål i § 1-7 *Ansvar for vedlikehold og videreutvikling av norsk fagspråk*. I barnelagelova omhandlar kapittel 1 *Barnehagens formål og innhald* også språk. Språkrådet ser det som avgjerande at opplæringslova òg inneheld språkpolitiske forplikingar, i tråd med dei nemnde lovene på opplæringsfeltet.

Dette vil vere ei synleggjering av at Kunnskapsdepartementet vil oppfylle det overordna kravet i den sektorovergripande språkpolitikken om at det skal takst omsyn til språkpolitikk i utforminga av innhaldet i skule- og utdanningssektoren.⁴

Språkrådet gjentek derfor framlegget til justering av § 1-2 tredje og fjerde leddet. Ordlyden byggjer på føremålsparagrafen i språklova, men omtalar berre dei språka som opplæringslova regulerer. Endringsframlegga får fram at opplæringslova i stor grad handlar om språkopplæring, og at ho i praksis fungerer som ei viktig språklov.

Språkrådet gjer framlegg om endringar og tillegg i lovteksten. Dei er markerte med understreking:

Opplæringa skal utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og den felles internasjonale kulturtradisjonen vår. Opplæringa skal medverke til å styrkje norsk språk. Lova skal fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk og sikre vern og status for samiske språk, kvensk, romani, romaner og norsk teiknspråk.

Opplæringa skal gi innsikt i språkleg og kulturelt mangfald og vise respekt for den enkelte si overtiding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

3 Opplæringsspråka i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa

3.1 Opplæringsspråka

Språkrådet stør framlegget om å presisere i lova at opplæringsspråket i Noreg er norsk, samisk eller norsk teiknspråk, jf. framlegg til ny § 15-1 *Opplæringsspråk og talemål*.

§§ 3-1 og 6-1 i framlegget til ny lovtekst presiserer at elevane som skal ha opplæring i norsk i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa, skal ha opplæring i «begge dei norske skriftspråka, bokmål og nynorsk». Det er positivt at det no blir fastsett ved lov at opplæringa i Noreg skal vere på norsk, både bokmål og nynorsk. Ved å presisere at ei slik opplæring inneber nynorskopplæring, tek departementet eit særleg omsyn til mindretalsspråket. Språkrådet ser endringsframlegget som ei styrking av den gjeldande § 2-5 sjette leddet første punktum, som legg opplæringa i begge skriftspråka til dei to siste åra i grunnskulen.

At norsk teiknspråk no blir teke inn i føresegna om opplæringsspråk i grunnopplæringa, er i tråd med dei overordna føresegnene i den nye språklova. I proposisjonen til språklova blir det

⁴ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*, s. 54.

slått fast at norsk teiknspråk som språkleg og kulturelt uttrykk er *likeverdig* med norsk, og at det offentlege skal fremje og verne norsk teiknspråk.⁵

Språkrådet meiner føresegna også bør opne for at opplæringa kan gjevast på dei nasjonale minoritetsspråka som Noreg har ansvar for: kvensk, romani og romanes. Føremålet med lova er å verne og fremje også desse språka. Det å innlemme dei i føresegna om opplæringspråk er naudsynt for at dette i det heile skal vere mogleg. Språkrådet gjer derfor framlegg om at det blir lagt inn ei setning om dette i ein ny § 15-1. Tillegget er markert med understreking:

Opplæringa skal vere på norsk, samisk eller norsk teiknspråk. Opplæringa kan også gjevast på kvensk, romanes og romani.

3.2 Talemålet i opplæringa

Departementet føreslår, i motsetning til opplæringslovutvalet, å vidareføre den gjeldande regelen om at elevane og tilsette fritt kan bruke talemålet sitt i opplæringa, og at skolen skal ta omsyn til elevane i ordval og uttrykksmåtar. Regelen blir vidareført i § 15-1 andre leddet i forslaget til ny lov.

Språkrådet stiller seg bak vurderinga til departementet av at det framleis er behov for å verne bruken av talemålet i skulen gjennom lovfesting, og at lova gjer det klart at regelen gjeld både i grunnskulen og i den vidaregåande opplæringa. Denne vidareføringa av talemålsføresegna er i tråd med signala i proposisjonen til språklova, der Kulturdepartementet gjev uttrykk for at dialektmangfaldet i Noreg er eit uttrykk for språkleg toleranse og demokrati, og at dette er ein verdi det er viktig å ta vare på gjennom ein aktiv språkpolitikk.⁶

3.3 Fritak frå kravet til opplæringspråk

Språkrådet stør vurderinga til departementet om å ikkje lovfeste unntak frå kravet til opplæringspråk i skulen.

Språkrådet meiner ei slik lovfesting ville ha vore uheldig, særleg når slike fritak først og fremst er meinte å gjelde for engelskspråkleg grunnskuleopplæring.

Som opplæringslovutvalet også viste til, er det allereie i dag høve til å få tidsavgrensa fritak frå opplæringspråka, dersom skoleeigar får innvilga ein søknad om «pedagogiske eller organisatoriske forsøk», jf. § 1-5 i gjeldande lov. Departementet føreslår å vidareføre denne regelen i framlegget til ny føresegn, § 29-3.

Språkrådet vil minne om at det ein vinn med forsøk med andre opplæringspråk, må vegast opp mot dei konsekvensane ei slik opplæring har både for den einskilde språkbrukaren og for dei langsiktige språkpolitiske måla som er uttrykte i språklova. Det er positivt at departementet vil presisere i lova at skuleeigar ikkje kan få godkjent forsøk som kjem til å svekkje dei grunnleggande rettane til elevane, at forsøka skal vere godt fagleg underbygde, og at dei skal evaluerast.

3.4 Kulturskulen og skulefritidsordninga (SFO)

Kulturskolane fungerer som kulturelle ressurscenter i kommunane. Dei er språkarenaer og arenaer for vidareformidling av immateriell kulturarv og tradisjonell kunnskap. I Meld. St. 18 (2020–2021) *Oppleve, skape, dele* blir kulturskuletilbodet i to kommunar trekt fram som

⁵ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk* (språklova), s. 152.

⁶ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk* (språklova), s. 10.

døme på tiltak som styrker identiteten til barna.⁷ Språkrådet foreslår derfor at det blir lagt til eit ledd i framlegget til ny § 26-1 om kulturskule, i tråd med føresegnene i språklova:

I kulturskolen skal det leggjast til rette for å ha tilbod på alle språka som er omfatta av lov om språk.

Etter lovforslaget i § 4-6 andre leddet andre punktum skal aktivitetane i skulefritidsordninga vere tilpassa alderen, funksjonsevna og interessene til barna. Språkrådet foreslår å ta inn i paragrafen at aktivitetane også skal tilpassast språkbakgrunnen til barna (norsk teiknspråk, nasjonale minoritetsspråk, samiske språk). På den måten vil ein gjere det synleg kor viktig språket er for barna, og sikre at personalet tek språklege omsyn. Endringa er markert med understreking:

Kommunen skal leggje til rette for leik og kultur- og fritidsaktivitetar i skulefritidsordninga. Aktivitetane skal vere tilpassa alderen, funksjonsevna, språkbakgrunnen og interessene til barna.

4 Opplæring i og på norsk tegnspråk

4.1 Generelt om opplæring i og på norsk tegnspråk i lovforslaget

Ny språklov trer i kraft 1. januar 2022.⁸ Språkloven framhever det språkansvaret som staten Norge alt har tatt på seg ved å ratifisere FN-konvensjonen om rettene til mennesker med nedsatt funksjonsevne (CRPD)⁹.

Formålsparagrafen, § 1 andre ledd bokstav c, slår fast at offentlige organer har et særskilt ansvar for å verne og fremme norsk tegnspråk. I språklovsproposisjonen heter det at «verne» først og fremst innebærer «eit ansvar for å hindre at språket møter manglande respekt og får negative sanksjonar».¹⁰ «Fremme» betyr å gi tilgang til norsk tegnspråk utover det som følger av særlovgivningen. Det betyr dessuten at det offentlige aktivt skal styrke språket. «Fremme» innebærer også at det offentlige skal sette i verk visse støttende tiltak overfor norsk tegnspråk, i tråd med andre lover og forskrifter og folkerettslige avtaler. Videre sier proposisjonen at effekten av språkloven § 1 «bør vere at det offentlege tilbyr språkmiljø, opplæring og bruksarenaer for teiknspråk».¹¹ Det er vidare slått fast i språkloven § 7 at norsk tegnspråk som språklig og kulturelt uttrykk er *likeverdig* med norsk. Dette understreker at norsk tegnspråk er et selvstendig språk med egenverdi som kulturuttrykk. En slik egenverdi må være uavhengig av den enkelte språkbrukers hørselsstatus. Samtidig er det slik at mange tegnspråkbrukere har en eller annen grad av funksjonshemming.

Opplæringsloven er svært viktig for at en skal kunne følge opp disse språkpolitiske målene, og den må revideres i tråd med intensjonene i språkloven og FN-konvensjonen om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne (CRPD). Selv om Kunnskapsdepartementet i høringsnotatet viser til språkloven og til det ansvaret offentlige organer har for å fremme og verne norsk tegnspråk i sin egen sektor (s. 227), mener Språkrådet at det er et stykke igjen før forslaget til ny opplæringslov er i tråd med de overordnede bestemmelsene i språkloven.

⁷ Meld. St. 18 2020–2021 *Opplev, skape, dele*, s. 65.

⁸ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*.

⁹ [FN-konvensjonen om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne \(Convention on the rights of persons with disabilities, CRPD\) - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no).

¹⁰ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*, s. 89.

¹¹ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*, s. 115.

Vi kommenterer departementets forslag i det følgende og kommer også med konkrete forslag til endringer.

4.2 Vilkåret for retten til tegnspråkopplæring

Språkrådet støtter forslaget om å videreføre retten til opplæring i og på norsk tegnspråk i grunnskole og videregående opplæring, jf. forslaget til ny § 3-4 første ledd og § 6-3 første ledd. Det er positivt at departementet bruker betegnelsen *norsk tegnspråk* i disse bestemmelsene, som er samme betegnelse som blir brukt i § 7 første ledd i språkloven.

Språkrådet mener at det er svært positivt at vilkåret om sakkyndig vurdering nå fjernes. Dette gir et viktig signal om norsk tegnspråk anses som likeverdig med de andre opplæringspråkene i Norge, og er i tråd med forslaget om å lovfeste norsk tegnspråk som opplæringspråk, jf. forslaget til ny § 15-1.

Språkrådet støtter likevel ikke forslaget om å endre *vilkåret* for tegnspråkopplæring, slik at eleven må være hørselshemmet for å få rett til slik opplæring. Vi mener det er flere gode grunner til at dette ikke er riktig.

For det første mener Språkrådet at forslaget ikke gjenspeiler norsk tegnspråks status, slik den kommer til uttrykk i språkloven. Språkloven slår fast at norsk tegnspråk har status som språk og immaterielt kulturobjekt.¹² Dette er en lovfestet status som er konstant, og som er knyttet til *språket* norsk tegnspråk. Den kan derfor ikke på noen måte knyttes til *enkeltindividers hørselsstatus*.

For det andre ekskluderer vilkåret hørende barn med behov for opplæring i og på norsk tegnspråk. Barn med slikt behov er hørende barn av døve og hørselshemmede (KODA¹³) og hørende søsken av døve og hørselshemmede. KODA har norsk tegnspråk som førstespråk. Søsken av (tegnspråklige) hørselshemmede har norsk tegnspråk som hjemmespråk og andrespråk. Selv om KODA og søsken har to helt forskjellige språklige utgangspunkt, trenger begge grupper å få ivaretatt sin språklige og kulturelle rett til å få opplæring i norsk tegnspråk.

Språkrådet registrerer at departementet i høringsnotatet nevner «en gruppe elever som ikke har en hørselshemming, men som likevel har behov for tegnspråk i kortere eller lengre perioder». Departementet skriver at disse må «kunne gis tilgang til opplæring i og på tegnspråk gjennom kommunenes og fylkeskommunenes plikt til å legge til rette for undervisning som eleven får utbytte av, eventuelt gjennom vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring» (s. 214). Det er uklart hvilken elevgruppe departementet her sikter til, men vi antar at det kan være for eksempel søsken av tegnspråklige hørselshemmede. Språkrådet oppfordrer departementet til å avklare hvilke elever det er snakk om, og hvordan departementet ser for seg at disse elevenes rettigheter skal ivaretas.

Språkrådet foreslår å endre vilkåret for rett til tegnspråklig opplæring i § 3-4 første ledd første punktum. Endringen er markert med understreking:

Elevar med teiknspråkleg bakgrunn har rett til opplæring i og på norsk teiknspråk

Å vise til tegnspråklig bakgrunn som et vilkår for å få tegnspråklig opplæring er etter Språkrådets syn noe annet enn å vise til kvensk/norskfinsk bakgrunn som et vilkår for å få opplæring i kvensk eller finsk. Se vår omtale av vilkåret for slik opplæring i kapittel 5 i dette høringssvaret.

¹² Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk* (språklova), s. 26.

¹³ Kids of Deaf Adults – hørende barn av døve og hørselshemmede.

Dersom departementet likevel opprettholder vilkåret om hørselshemming i loven, mener Språkrådet at det er viktig at det utredes om elevene bør ha rett til opplæring i to førstespråk: norsk tegnspråk og norsk.

Om bruk av tegnspråktolk for å oppfylle retten til tegnspråkopplæring

Det er ikke uvanlig at kommuner benytter tegnspråktolk for å oppfylle retten til opplæring i og på tegnspråk. Opplæring via tegnspråktolk oppfyller ikke retten og er ikke forsvarlig opplæring. Språkrådet mener derfor at det bør presiseres i lov eller forskrift at retten til opplæring i og på tegnspråk ikke dekkes ved bruk av tolk.

4.3 Valg av skole for tegnspråklige elever

Departementet foreslår, i likhet med opplæringslovutvalget, å lovfeste at alle elever skal ha rett til å gå på en skole i nærmiljøet, jf. forslag til ny § 2-6 første ledd.

Språkrådet støtter videreføringen av nærskoleprinsippet i ny § 2-6, men mener det er behov for å lovfeste et tydelig unntak for tegnspråklige barn i denne paragrafen. Bakgrunnen er at tegnspråklige barn har behov for et tegnspråklig miljø. Nærskoleprinsippet vil i praksis derfor ikke passe for døve og hørselshemmede barn. Språkrådet foreslår å føye til følgende setning i § 2-6:

Elevar som har rett til opplæring i og på norsk teiknspråk, har rett til å gå på ein skole med eit teiknspråkleg miljø.

Departementet foreslår også at kommunen fortsatt skal kunne bestemme hvilken skole opplæring i og på norsk tegnspråk skal gis på, jf. ny § 3-4 andre og tredje ledd. Endringen fra gjeldende lov (§ 2-6 andre ledd) er at det nå blir presisert at det er ressursituasjonen ved en gitt skole som gir kommunen mulighet til å tilby opplæringen i norsk tegnspråk på en annen skole.

Språkrådet støtter ikke forslaget. Vi mener det er uheldig at kommunen med utgangspunkt i *ressursituasjonen* skal kunne bestemme at eleven skal få opplæring i norsk tegnspråk på en annen skole enn det eleven og de foresatte ønsker. De foresatte kan ha kunnskap eller ønsker som tilsier at eleven bør gå på en annen skole enn det kommunen bestemmer, i eller utenfor kommunen. Det kan for eksempel være en skole som har tegnspråklige lærere eller lærere som kan norsk tegnspråk godt, eller en skole med et skolemiljø der elever får fellesskap med andre tegnspråklige.

Språkrådet minner om at språklovsproposisjonen slår fast at effekten av språkloven § 1 «bør vere at det offentlege tilbyr språkmiljø, opplæring og bruksarenaer for teiknspråk».¹⁴ Slik Språkrådet ser det, vil den nye bestemmelsen kunne svekke tegnspråklige elevers rett til et språkmiljø.

Språkrådet foreslår derfor å erstatte det siste leddet i § 3-4 med følgende:

Kommunen kan i samråd med eleven og foreldra fastsetje kva skole opplæringa på norsk teiknspråk skal givast på. Ønsket til eleven og foreldra skal vektleggjast.

4.4 Val av norsk tegnspråk frå 8. trinn

Departementet foreslår at hørselshemmede elever skal få anledning til å velge om de vil ha opplæring i og på norsk tegnspråk fra 8. trinn, jf. forslaget til ny § 3-4 første ledd andre punktum. Departementet mener at dette «vil være mer forutsigbart for elevene og harmonisere bedre med andre bestemmelser om språk, for eksempel samisk» (s. 229).

¹⁴ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk* (språklova), s. 115.

Språkrådet støtter ikke forslaget om at hørselshemmede kan velge bort sin rett til opplæring i og på norsk tegnspråk, men vi mener at hørende barn av døve og hørselshemmede (KODA) og hørende søsken av døve og hørselshemmede kan få et slikt valg.

I denne sammenhengen er det viktig å påpeke at ulike grupper med et mindretallspråk kan ha ulike vilkår og behov. Tegnspråkbrukere er en minoritet der den hørselshemmede delen av den tegnspråklige minoriteten i tillegg er funksjonshemmet.

Hørselshemmede har redusert tilgang til norsk, selv med tekniske hørselshjelpemidler. En konsekvens av å velge bort tegnspråk vil være at hørselshemmede elever bare får tilgang til deler av opplæringen, gjennom munnnavlesning og eventuelt begrenset hørsel. Dette er slitsomt og kognitivt belastende. Faren er at disse elevene ender opp med å ikke mestre verken norsk tegnspråk eller norsk fullt ut. Det å velge bort tegnspråkopplæring vil dermed kunne få store konsekvenser for senere utdanning, sosial mobilitet og mental helse.¹⁵ Det er vanskelig for hørselshemmede elever på ungdomstrinnet å ha full oversikt over konsekvensene av å velge bort tegnspråkopplæring, og de bør derfor slippe å bli stilt overfor et slikt valg.

Det er videre fare for at en slik regel vil bidra til at tilbudet om undervisning i og på norsk tegnspråk på videregående skole smuldrer bort fordi det blir færre elever med slik opplæring fra 8. trinn.

Det er også et språkpolitisk mål å øke antallet tegnspråkbrukere i samfunnet, særlig førstespråksbrukere, slik at norsk tegnspråk kan bli et vitalt og levedyktig kulturobjekt.¹⁶ En mulighet til å velge bort opplæring i og på norsk tegnspråk vil føre til færre tegnspråkbrukere.

Språkrådet foreslår derfor å legge til en avgrensing i § 3-4 første ledd andre punktum. Endringen er markert med understreking:

Elevar på 8. til 10. trinn som ikkje er høyrselshemma, vel sjølve om dei skal ha slik opplæring, og dei kan klage på enkeltvedtak om opplæring i og på norsk teiknspråk etter reglane i § 29-1 og reglane i forvaltningslova kapittel VI.

4.5 Rett til egen elevgruppe i grunnskolen

Språklovsproposisjonen slår fast at tegnspråklige elever har «rett til å lære, møte og bruke språket sitt».¹⁷ Det er ikke mulig å oppfylle en slik rettighet eller individuelle språklige opplæringsrettigheter uten at elevene får være i et tegnspråklig miljø. Norskspråklige elever omgis av norsk språk hver eneste dag, både i skole og på fritiden. Fordi norsk tegnspråk er likeverdig med norsk, må det offentlige tilrettelegge for enklere tilgang til gode tegnspråkmiljøer.

Elever som ønsker opplæring på et annet hovedmål i norsk enn det kommunen har vedtatt, kan få opplæring i egen gruppe, når minst ti elever ønsker dette. Ordningen er foreslått utvidet til 10. trinn. Språkrådet foreslår at tegnspråklige elever får en tilsvarende rett i grunnskolen. Vi foreslår å føye til et fjerde ledd i ny § 3-4:

Når minst ti elevar på eitt av trinna frå 1 til 10 i ein kommune eller i regionar som følgjer Statpeds inndeling, ønskjer opplæring i og på norsk teiknspråk, har dei rett til å bruke og å få opplæring på norsk teiknspråk i ei særskild gruppe. Går ti eller fleire av desse elevane på den same skolen, har dei rett til å få opplæringa der. Er elevane spreidde på fleire skolar i kommunen eller regionen, avgjer kommunen (kommunane) kva skole dei skal få opplæringa

¹⁵ Kermit, P. 2018. [Hørselshemmede barns og unges opplæringsmessige og sosiale vilkår i barnehage og skole. Kunnskapsoversikt over nyere nordisk forskning. Trondheim. NTNU Samfunnsforskning.](#)

¹⁶ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk* (språklova), s. 75.

¹⁷ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk* (språklova), s. 74.

på. Retten til å få opplæring i ei særskild gruppe står ved lag så lenge det er minst seks elever att i gruppa.

4.6 Rett til skyss

Departementet foreslår å videreføre retten til skyss på grunn av nedsatt funksjonsevne, jf. forslaget til ny § 4-1 fjerde ledd. Språkrådet støtter forslaget om rett til skyss for elever med nedsatt funksjonsevne, men mener at retten til skyss for tegnspråklige elevers del må knyttes eksplisitt til tegnspråk, og ikke til nedsatt funksjonsevne.

Fordi tegnspråkbrukere (uavhengig av hørselsstatus) er en sårbar språkbrukergruppe, mener Språkrådet loven bør legge til rette for at et ønske om opplæring etter tegnspråklig opplæringsplan utløser rett til skyss. Det vil gjøre det mulig å sikre et språklig forsvarlig opplæringstilbud for denne særskilte elevgruppa.

Dette vil være et språkstyrkingstiltak, fordi det bidrar til at tegnspråklige barn kan få muligheten til å samles og etablere en naturlig tegnspråklig arena der de kan lære, møte og bruke språket sitt. Et relevant argument er at språkløvsproposisjonen slår fast at effekten av språkloven § 1, formålsparagrafen, «bør vere at det offentlege tilbyr språkmiljø, opplæring og bruksarenaer for teiknspråk».¹⁸

Det er allerede slått fast i barnehageloven § 38 at tegnspråklige barn har rett til skyss, tilsyn, reisefølge og innlosjering. Språkrådet foreslår at §§ 4-2 og 4-4 gir tilsvarende retter for tegnspråklige elever i grunnskolen. Dette vil være å fremme norsk tegnspråk i tråd med formålsparagrafen i språkloven.

4.7 Opplæring i og på tegnspråk i videregående skole

Departementet har i forslaget til ny § 6-3 tatt inn en setning om at elever med hørselshemming har rett til få opplæring ved hjelp av tegnspråktolk.

Språkrådet mener det er problematisk at rett til opplæring med tegnspråktolk tas inn i paragrafen om rett til opplæring i og på norsk tegnspråk, og støtter ikke forslaget. Denne paragrafen bør utelukkende omhandle retten til opplæring i og på norsk tegnspråk.

Førstespråksopplæring i norsk tegnspråk kan ikke foregå med tegnspråktolk. Tegnspråklige elever kan ikke lære norsk tegnspråk gjennom tegnspråktolk, like lite som samiskspråklige barn kan lære samisk ved å følge undervisning på norsk tolket til samisk. Opplæringen i tegnspråk må gis av en tegnspråklig lærer som har kompetanse i tegnspråkdidaktikk.

Tegnspråktolk kan benyttes når det undervises på norsk, og ikke på tegnspråk, men retten til tolk må i lovteksten ikke blandes sammen med retten til opplæring i og på norsk tegnspråk.

Språkrådet foreslår derfor å opprettholde en tydelig formulering av retten til opplæring i og på norsk tegnspråk i § 6-3 i ny opplæringslov. Vi mener retten også må knyttes til et tegnspråklig miljø, slik som i gjeldende § 3-9 første ledd første punktum. § 3-9 andre ledd inneholder også en definisjon av hvordan et tegnspråklig miljø skal forstås. Språkrådet mener disse formuleringene bør tas inn i ny § 6-3. Språkrådet foreslår at § 6-3 første ledd første punktum skal lyde slik:

Elevar med hørselshemming har rett til opplæring i og på norsk teiknspråk og til å gå på vidaregåande skolar med eit teiknspråkleg miljø.

¹⁸ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk* (språklova), s. 115.

Språkrådet mener videre at *retten til tegnspråktolk* bør tas inn i en ny paragraf i kapittel 11 *Arbeidet for å sikre at elevene har tilfredsstillende utbytte av opplæringa*. Vi foreslår følgende formulering:

Det kan også bli gitt opplæring med teiknspråktolk på vidaregåande skole eller for vaksne dersom eleven ønskjer det.

4.8 Utvidet timetall for elever i ordinære videregående skoler

Departementet foreslår at hørselshemmede elever som går på ordinære videregående skoler og bruker tegnspråktolk, kan få velge å få opplæring i faget norsk tegnspråk med utvidet timetall, jf. Forslaget til ny § 6-3 første ledd andre punktum.

Språkrådet er enig i at elever med tegnspråktolk skal kunne velge dette. Språkrådet vil likevel understreke at det ikke må medføre at elever ikke får muligheten til å velge å få undervisning på norsk tegnspråk i fellesfag ved knutepunktskoler. Se vår kommentar til opplæringstilbudet under.

4.9 Opplæringstilbudet i videregående skole

Departementet foreslår å videreføre regelen i gjeldende lov om at retten til opplæring i og på norsk tegnspråk bare skal gjelde innenfor de utdanningsprogrammene og programområdene som skolene har tilbud om, jf. forslaget til ny § 6-3 andre ledd.

Språkrådet støtter ikke dette.

Det er i dag etablert praksis at knutepunktskoler samarbeider med andre skoler for å kunne tilby elever undervisning i og på tegnspråk i fag som knutepunktskolene ikke selv tilbyr. Dette samarbeidet gjør at tegnspråklige elever i videregående skole kan velge mellom flere programområder. Denne retten må elevene ikke miste, om utdanningstilbudet skal være likeverdig.

Departementets forslag i andre ledd begrenser elevenes muligheter for å velge utdanningsløp. Slik Språkrådet ser det, er en slik avgrensing av retten til å velge utdanningsløp i strid med formålsparagrafen i språkloven, som slår fast at offentlige myndigheter har et særskilt ansvar for å verne og fremme norsk tegnspråk.

Språkrådet støtter heller ikke at deler av opplæringen kan gis ved hjelp av tegnspråktolk, og viser til omtale av dette under punktene 4.2 og 4.7.

4.10 Krav til tegnspråklig undervisningskompetanse

I gjeldende opplæringslov står det ikke noe om formelle krav til tegnspråklig kompetanse for dem som skal undervise i og på tegnspråk i grunnskolen og den videregående skolen. Verken opplæringslovutvalget eller departementet har foreslått å stille formelle krav til lærerne.

6.6 Kompetansekrav for lærarar

Språkrådet stør ei vidareføring av *kravet til kompetanse i undervisningsfag* og at det skal vere tydelegare i lova at krava er retta til kommunen og fylkeskommunen, jf. framlegget frå departementet til § 17-3 første leddet. Vi viser likevel til det vi skriv om krav til kompetanse for å undervise i og på norsk teiknspråk, sjå punkt 4.10.

Departementet føreslår vidare at skuleeigar framleis skal ha høve til å fråvike kompetansekravet dersom skulen ikkje har nok lærarar med relevant kompetanse i faget, jf. framlegget til § 17-3 andre leddet. Språkrådet er ikkje einig i at det skal vere høve til å fråvike kravet om relevant kompetanse i eit så sentralt fag som norskfaget. Språklovsproposisjonen gjer merksam på kor avgjerande det er med lærarar i skulen som kan undervise på og lære bort både nynorsk og bokmål, som har «kunnskap om den norsk språksituasjonen», og som «kjenner dei språklege rettane elevane har».⁴³ Lesing og skriving er også definerte som grunnleggjande ferdigheiter i skolen. Språkrådet rår derfor til at det blir laga ei unntaksformulering for norskfaget i føresegna.

Dei konkrete kompetansekrava blir regulerte i forskrift og skal derfor ikkje vurderast no. Språkrådet vil derfor følgje opp framlegga til konkrete kompetansekrav når forskriftene til opplæringslova kjem på høyring.

Språkrådet stør framlegget frå departementet om å vidareføre *krava om kompetanse ved tilsetjing*, jf. framlegget til § 17-2 første leddet. Språkrådet vil likevel peike på at kompetansekrava i opplæringslova heng saman med kompetansekrava i forskriftene som regulerer lærarutdanninga (rammeplanane), og med det bestemmer kva kompetanse lærarstudentane skal tileigne seg i løpet av utdanninga. Korleis krava i opplæringslova i praksis slår ut, er altså avhengig av innhaldet i lærarutdanninga. Språkrådet rår departementet til å sjå revisjonen av opplæringslova i samanheng med rammeplanane for lærarutdanninga. Språkrådet meiner rammeplanane også må reviderast for at ein skal styrkje den formelle kompetansen i norsk generelt og nynorsk spesielt.

6.7 Læremiddel, ressursar og verktøy

6.7.1 Gjeldande språkpolitikk og framlegget til ny læremiddelparagraf

Departementet understrekar i høyringsnotatet at det er særst viktig at den nye opplæringslova varetek dei språkpolitiske måla i den nye språklova (s. 92). Språklovsproposisjonen slår fast at språklege omsyn må ha forrang framfor kortsiktige økonomiske omsyn der det er naudsynt,⁴⁴ og vidare at «[g]ode læremiddel og læringsressursar er avgjerande for å kunne lære og bli trygg i eit språk».⁴⁵ Retten til læremiddel må derfor sikrast og styrkjast. For nynorskelevane er situasjonen vanskeleg.

Den språkpolitiske intensjonen om å sikre elevane, og då særleg nynorskelevane, sin rett til læremiddel kjem også til uttrykk i *Hurdalsplattforma*. Regjeringa vil «[s]tyrkje elevane sin rett til læremiddel [...] og sikre at alle elevar får læremiddel på eiga målform».⁴⁶

I dette arbeidet spelar opplæringslova ei avgjerande rolle. Språkrådet vil her peike på at det ikkje er samsvar mellom *Hurdalsplattforma* og intensjonen i den lovfesta norske språkpolitikken på dette området på den eine sida og den politikken som kjem til uttrykk i framlegget til ny opplæringslov, på den andre sida. Føresegnene om læremiddel i lovframlegget gjev særleg nynorskelevane dårlege læringsvilkår.

⁴³ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk* (språklova), s. 57.

⁴⁴ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk* (språklova), s. 9.

⁴⁵ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk* (språklova), s. 56.

⁴⁶ [Hurdalsplattformen](#), s. 52.

6.7.2 Om å samle parallellitetskravet og unntaka i lova

I lovframlegget frå departementet erstattar § 15-3 *Læremiddel* den gjeldande læremiddelparagrafen, § 9-4. Departementet har, til liks med opplæringslovutvalet, gjort framlegg om ta reglane som i dag ligg i § 17-2 i forskrift til opplæringslova, inn i lova. Språkrådet seier seg einig i at det å samle krava og unntaka i lovteksten vil gjere det lettare å forstå kva for reglar som gjeld.

6.7.3 Retten til å velje bokmål eller nynorsk i læremiddel

Språkrådet stør departementets framlegg om å vidareføre retten foreldre og elevar i dag har til å velje læremiddel på bokmål eller nynorsk i grunnskulen, og at det blir tydeleg i lova at retten også skal gjelde for elevar i den vidaregåande skulen, jf. § 3-1 andre leddet andre punktum og § 6-1 andre leddet i lovframlegget.

Retten er ein sjølvsgd premiss for å kunne lære og bli trygg i sitt eige skriftspråk. Språkrådet løfta i høyringsfråsegna til NOU 2019: 23 fram at retten er særleg viktig for nynorskelevane på ungdomstrinnet, ettersom dei i dag ikkje er sikra klasseromsopplæring på sitt eige skriftspråk. Læremidla spelar ei avgjerande rolle i opplæringa deira.

Språkrådet stiller seg òg bak framlegget om å erstatte termen «lærebøker» med «læremiddel».

6.7.4 Lærebøker i norsk, jf. § 2-5 fjerde leddet i gjeldande lov

Departementet har i framlegg til ny opplæringslov fjerna setninga som tydeleggjer at lærebøkene i norskopplæringa på grunnskulen skal vere på hovudmålet til eleven. Departementet omtalar ikkje endringsframlegget i høyringsnotatet. Det blir heller ikkje vist til kva høyringsinstansane meiner om framlegget. Språkrådet stør ikkje endringsframlegget og viser til at framlegget saknar grunngeving.

Opplæringslovutvalet argumenterte i NOU 2019: 23 for at setninga med tydeleggjering av språk i lærebøkene i norsk var overflødig, og at det «ikke [er] grunn til å tro at elevene eller foreldrene vil velge læremidler i norskfaget som er på en annen målform».⁴⁷

Språkrådet vil igjen minne om at det er skuleeigar som har ansvaret for at elevane får læremiddel på sitt eige skriftspråk, ikkje foreldra eller elevane. Mange nynorskelevar får ikkje lærebøker og andre læremiddel på hovudmålet sitt trass i at dei har krav på det. Dette har vore stoda gjennom mange tiår, og Språkrådet meiner det i seg sjølv dokumenterer behovet for at denne retten blir endå tydelegare presisert i lova. Ei slik tydeleggjering vil vere i tråd med § 1 siste leddet i den komande språklova, som slår fast at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst bruka norske skriftspråket.

6.7.5 Lesebøker i norsk, jf. § 9-4 tredje leddet i gjeldande lov

Den gjeldande læremiddelparagrafen inneheld eit krav om at lesebøkene i norskfaget skal ha «nok tilfang på begge målformer slik at elevane lærer å lese både bokmål og nynorsk». Departementet ønskjer å fjerne denne paragrafen og viser til at punktet er godt dekt av læreplanane i norsk.

Språkrådet stør ikkje denne endringa. Det er heilt naudsynt for jamstillinga mellom dei to norske skriftspråka at lova gjev denne typen overordna føringar. Lovkravet er der for å sikre at også *framtidige læreplanar* inneheld kompetansekrav i lesing på bokmål og nynorsk. Læreplanane er forskrifter og dermed underordna lova. For elevar som har fritak frå

⁴⁷ NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*, s. 387.

sidemål, er kravet avgjerande viktig. Tekstane er det einaste som sikrar desse elevane tilgang og kjennskap til sidemålet, som for majoriteten er nynorsk. Språkrådet er einig med departementet i at omgrepet «lesebøker» er uklart og lite dekkjande for føremålet. Språkrådet kjem derfor med framlegg om å erstatte den gjeldande formuleringa med ei som dekkjer både korte og lange tekstar: «I norskfaget skal elevane lese korte og lange tekstar på både bokmål og nynorsk.»

6.7.6 Parallellitetskravet

Språkrådet stør avgjerda om å vidareføre parallellitetskravet i gjeldande lovverk. Kravet er at det i opplæringa «berre blir brukt læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og til same pris», jf. framlegget til ny § 15-3 andre leddet. Elevane har ingen reell rett eller noko reelt høve til å velje læremiddel på sitt eige språk dersom det ikkje ligg føre parallellutgåver på bokmål og nynorsk.

Språkrådet meiner likevel at departementet nyttar ein for snever definisjon av kva eit læremiddel er i dag, og kva parallellitetskravet av den grunn bør omfatte. Vi skriv meir om dette nedanfor. Der skriv vi også om kva som manglar for at det skal bli ei god språkpolitisk innretning på den nye læremiddelparagrafen.

Utover det stør Språkrådet framlegget om å ikkje vidareføre regelen om at departementet kan gjere unntak frå parallellitetskravet for læremiddel i særlege tilfelle, jf. § 9-4 første leddet andre punktum i gjeldande lov.

6.7.7 Læremiddeldefinisjonen

Departementet gjer framlegg om å vidareføre den læremiddeldefinisjonen som ligg til grunn for dagens parallellitetskrav, jf. framlegget til ny § 15-3 i lova. Språkrådet meiner at definisjonen ikkje er presis nok. Ei vidareføring av den gjeldande ordlyden vil kunne få store konsekvensar for elevane, særleg nynorskelevane.

Gjeldande læremiddeldefinisjon er nedfelt i forskrifta til opplæringslova, kapittel 7, § 17-1 (vår understreking):

Med læremiddel meiner ein alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa. Dei kan vere enkeltståande eller gå inn i ein heilskap, og dekkjer aleine eller til saman kompetansemål i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.

Språkrådet meiner denne definisjonen er uklar og utdatert, slik vi også gav uttrykk for i høyringsfråsegna til NOU 2019: 23. I fråsegna oppmoda Språkrådet sterkt til ei revidering av læremiddeldefinisjonen og kom med konkrete framlegg til korleis definisjonen kunne bli tydelegare og meir tilpassa den digitale skulekvardagen av i dag.

Eit hovudpoeng er at definisjonen bør utformast på bakgrunn av faktisk bruk, ikkje på bakgrunn av kva dei såkalla elementa er utvikla til. I tillegg til dei tradisjonelle lærebøkene gjer skulen mykje bruk av digitale lærebøker og andre digitale læringsressursar (appar m.m.). Mange av dei digitale «elementa» er ikkje utvikla til bruk i opplæringa eller laga med føremål om å dekkje kompetansemåla i læreplanen.

Fleire av dei digitale «elementa» ligg dessutan berre føre på engelsk. Det er svært uheldig både for norskopplæringa og for korleis skolen formidlar statusen til norsk språk. Når det gjeld balansen mellom bokmål og nynorsk, er situasjonen endå meir alvorleg. Samla sett bidreg denne ubalansen til at elevane får mangelfull opplæring i sitt eige skriftspråk (både bokmål og nynorsk), og til å gje inntrykk av at skriftspråket til elevane er underordna eit større språk og har lågare status. Språkrådet peikar på at framlegget frå departementet framleis

overlèt til eksterne aktørar å styre språkvala i skulen. Det er særleg kritisk for dei lågare klassetrinna og trugar oppbygginga av grunnleggjande lese- og skriveferdigheiter hos elevane.

Departementet skriv at det er behov for ei omgrepsavklaring, og poengterer at «læremiddel» er noko anna enn «læringsressursar» (s. 99). Definisjonen av kva som er å rekne som læremiddel, læringsressursar og verktøy, er teken inn i merknadene til den nye læremiddelparagrafen. «Læringsressursar» (appar m.m.) skal *ikkje* inngå i det forskrifta i dag omtalar som «element», jf. gjeldande § 17-1 fjerde leddet i forskrifta.

Språkrådet meiner at denne *innskrenkande* tolkinga av ordlyden i paragrafen er svært uheldig. I praksis betyr tolkinga at mesteparten av dei digitale ressursane som faktisk er i bruk som læremiddel i skulen, fell utanfor lovverket og parallellitetskravet. Læremiddeldefinisjonen må formast slik at meir tekst, og ikkje mindre, blir dekt av parallellitetskravet. Det vil vere å ta dei naudsynte språkpolitiske omsyna i utdanningssektoren. Berre slik kan læringsressursane som blir bruka i skulen, i sum «støtte opp under elevenes skriftspråk», slik departementet skriv i høyringsnotatet (s. 101). Språkrådet ber derfor departementet om å styrkje krava til språk i definisjonen.

Departementet skriv altså at læringsressursane som blir bruka i skolen, i sum skal «støtte opp under elevenes skriftspråk». Dersom den gjeldande læremiddeldefinisjonen blir ståande, er det avgjerande at intensjonen frå departementet blir presisert i lovteksten. Språkrådet kjem derfor med framlegg om å leggje til ei setning i § 15-3:

Dersom ein i stor grad nyttar læringsressursar i undervisninga, skal skolen ta særlege språklege omsyn.

Dette tillegget i lovteksten vil vere særleg viktig ettersom departementet føreslår å ikkje vidareføre dagens heimel til å gje nærare presiseringar gjennom forskrifter, jf. § 9-4 femte leddet i gjeldande lov.

6.7.8 Digitale verktøy

Den noverande opplæringslova seier ingenting om infrastrukturen i den digitale skulekvardagen til elevane. Språkrådet meiner dette er problematisk, ettersom infrastrukturen i stor grad påverkar innhaldet i opplæringa.

I høyringsfråsegna til NOU 2019: 23 tok derfor Språkrådet til orde for å utvide parallellitetskravet til også å gjelde digitale verktøy som operativsystem, administrativ programvare (kontorstøtteprogram), læringsplattformer og liknande. I motsetning til mykje av det som fell innanfor den gjeldande definisjonen av læremiddel, blir desse verktøya bruka fast, over ein lengre periode eller jamleg i opplæringa. Dei er dessutan viktige for grunnleggjande skriveferdigheiter, fordi dei ofte inneheld stavekontroll og anna skrivestøtte og såleis fungerer normerande for elevane.

I dag er infrastrukturen i skulen i all hovudsak på bokmål og engelsk. Språkrådet vil minne om at digitale verktøy inneheld mykje tekst, og at dei såleis er med på å påverke norskopplæringa generelt og nynorskopplæringa spesielt. Dersom skuleelevar skal kunne halde fram med å velje nynorsk som opplæringspråk, kan dei ikkje møte eit digitalt rammeverk som ekskluderer nynorsk. Nynorskelevane har rett til å møte og bruke språket sitt på lik linje med bokmålelevane, og då må det vere eit grunnleggjande krav at skulen legg til rette for det.

Per i dag er det slik at den digitale infrastrukturen i stor grad også påverkar *funksjonaliteten* til dei digitale læremidla som blir utvikla. Operativsystem og program som er bygde inn i dei, kan gjere digitale læremiddel mindre brukarvenlege dersom støtte for nynorsk manglar i søkjefunksjonar, finn-og-erstatt-funksjonar, ordlister og stavekontrollar.

Læringsplattformer kan òg gjere kvaliteten på dei digitale læremidla dårlegare i dei tilfella der elevane får tilgang til læremidla gjennom å logge seg på læringsplattformene. Det er med andre ord ikkje nok å krevje at digitale læremiddel skal liggje føre på nynorsk, dei må òg *fungere* på nynorsk.

6.7.9 Spesielt om skriveprogram

Departementet har ikkje gjort framlegg om å utvide parallellitetskravet. I § 15-4 andre leddet føreslår departementet like fullt å lovfeste at skulen, så langt råd er, skal bruke skriveprogram som stør både bokmål og nynorsk, og som følgjer offisiell rettskriving. Språkrådet stiller seg bak framlegget frå departementet om å lovfeste eit krav om at skriveprogram som blir bruka i skulen, skal stø både bokmål og nynorsk. Skriveprogram med støtte for nynorsk er avgjerande for at elevane skal kunne levere nynorsktekstar under dei same føresetnadene som bokmåltekstar.

Språkrådet vil samstundes peike på at kravet til skriveprogramma må formulerast sterkare, utan atterhaldet «så langt råd er» når det gjeld bokmål og nynorsk. Det er i dag fullt mogleg å berre bruke skriveprogram som stør både bokmål og nynorsk, og det bør ikkje opnast for unntak. Staten har over lang tid investert i utvikling av relevante grunnlagsressursar for språkteknologi for både bokmål og nynorsk. Desse ressursane er kostnads- og lisensfritt tilgjengelege i Språkbanken ved Nasjonalbiblioteket. Dette er ei politisk satsing som legg til rette for at det i neste omgang skal kunne stillast relevante krav til utvikling av alle typar språkteknologi til bruk i Noreg på både nynorsk og bokmål. For at dette skal skje, slik at språkbrukarane får rettane og interessene sine varetekne, er det naudsynt at det i relevante regelverk blir formulert eksplisitte krav om at digitale verktøy skal liggje føre på begge dei norske skriftspråka.

Eit visst atterhald kan vere meir forståeleg i samband med eit krav om å følgje offisiell rettskriving, men Språkrådet meiner eit slikt atterhald i beste fall er unødvendig. Til jamføring seier rettskrivingsparagrafen i språklova utan atterhald at «[o]ffentlege organ skal følgje den offisielle rettskrivinga for bokmål og nynorsk». I merknadene til paragrafen er det like fullt nemnt visse atterhald («ikkje gjere feila opp att», «rettast snarast råd», unntak for «særlege stilistiske behov»), som viser at eit krav om å følgje rettskrivinga ikkje vil vere absolutt i alle samanhengar.

Språkrådet gjer derfor framlegg om at teksten i § 15-4 andre leddet blir erstatta med denne ordlyden:

I opplæringa skal skolen berre bruke digitale verktøy i opplæringa som ligg føre på bokmål og nynorsk, og som følgjer norsk rettskriving.

Departementet nemner praktiske grunnar for ikkje å utvide parallellitetskravet og skriv at eit utvida krav vil kunne føre til at skular ikkje lenger kan bruke aktuelle program som per i dag ikkje har nynorsk stavekontroll eller liknande (s. 102).

Problemet departementet viser til, er høgst reelt. Fleire skuleeigarar fortel at dei har program med nynorsk manglar. I dag brukar til dømes mange nynorskelevar skriveverktøy som markerer korrekte skrivemåtar på nynorsk som feil, og som utfører automatiske rettingar til bokmål. Slik treng det ikkje vere.

Det finst gode grunnlagsressursar for å utvikle digitale verktøy på nynorsk, mellom anna i Nasjonalbibliotekets ressurskatalog (Språkbanken). Det er med andre ord få tekniske hinder i vegen for at ulike produsentar – anten det er Microsoft eller Cappelen Damm – kan utvikle program på nynorsk i same grad som på bokmål.

Stavekontrollfunksjonar er til dømes ein språkteknologisk komponent som det finst tilstrekkelege ressursar for på begge skriftspråk.

Ordbøkene *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* kan ein laste ned i listeform via ein API (Application Programming Interface, eit programmeringsgrensesnitt) frå Universitetet i Bergen. Ordbøkene er eit samarbeid mellom Universitetet i Bergen og Språkrådet, og produsentane kan vere trygge på at oppslaga i desse bøkene har skrivemåtar og bøyning som er i tråd med dei gjeldande normene.

Når ein skal vurdere om det bør lovfestast eit parallellitetskrav for digitale verktøy, kan det ikkje vere avgjerande at produsentane manglar vilje til å levere produkt som står begge skriftspråk, eller levere produkt som held same kvalitet i dei parallelle utgåvene. Utan eit slikt krav vil det vere få insentiv til å levere desse produkta. Språkrådet ser ikkje for seg at det vil bli laga digitale verktøy på norsk, både bokmål og nynorsk, dersom ikkje staten stiller språklege krav til digitale verktøy i skulen. Slike krav vil òg kunne sikre at det ikkje blir kjøpt inn unødige mange engelskspråklege verktøy i norsk skule. Lovendringa Språkrådet gjer framlegg om, kan bidra til eit stort digitalt løft for norsk språk generelt og nynorsk spesielt.

I Prop. 108 L (2019–2020) står det i kapittelet «Språk og teknologi» at bruken av norsk i digitale produkt og tenester er ein føresetnad for at norsk skal kunne vere eit samfunnsberande språk i åra som kjem, og at dette inneber at slike produkt og tenester må vere tilgjengelege i same kvalitet på bokmål og nynorsk.⁴⁸ Kulturdepartementet understrekar at det er eit viktig demokratisk prinsipp at alle skal ha rett til å nytte sitt eige skriftspråk, og at teknologi som berre finst på eit anna språk, er framandgjerande og ekskluderande for språkbrukaren.⁴⁹

Språkteknologiske system som ikkje diskriminerer nynorsk, er ein føresetnad for å følgje opp føringane i språklova. Meld. St. 27 (2015–2016) *Digital agenda for Norge. IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet* slår også fast at behovet til brukarane skal stå i sentrum i digitaliseringspolitikken, og at tenestene skal vere heilskaplege.⁵⁰ Dette må i særleg grad gjelde i klasserommet som opplæringsarena.

6.7.10 Ansvar og tilsyn

I dag er det skuleeigarane som har ansvaret for at nynorskelevane får læremiddel på skriftspråket sitt, jf. den gjeldande forskrifta til opplæringslova § 17-3. Det er òg skuleeigarane som har ansvar for å avgjere kva som fell inn under definisjonen, dersom det er tvil om noko er eit «læremiddel» eller ikkje. Dette er regulert i § 17-1 tredje leddet siste punktum i forskrifta.

Erfaringa viser at den einskilde skuleeigaren har lite å stille opp med i møte med store forlag som bort- eller nedprioriterer å produsere nynorske læremiddelversjonar. Det kan også sjå ut til at ein del skuleeigarar ikkje er medvitne om ansvaret. I høyringsfråsegna til NOU 2019:

⁴⁸ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk* (språklova), s. 41.

⁴⁹ Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk* (språklova), s. 45 og 131.

⁵⁰ Meld. St. 27 (2015–2016) *Digital agenda for Norge. IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet*, s. 12.

23 oppmoda Språkrådet derfor departementet om å sjå på ansvarsfordelinga og vurdere om ikkje staten i større grad bør gje retningar for det lokale ansvaret, slik at elevane får gode læremiddel på sitt eige skriftspråk.

Departementet har ikkje kommentert framlegget frå Språkrådet, men viser til at det er viktig at statsforvaltaren gjer risikovurderingar og ved behov fører tilsyn med praksisen hos skuleeigarane (høyringsnotatet s.102):

Departementet mener at det er viktig at kommunene og fylkeskommunene er seg sitt ansvar bevisst, og at de både etterlever parallellitetskravet og at elevene får tilgang til læremidler på skriftspråket sitt. Departementet mener, i likhet med utvalget, at det ikke er hensiktsmessig at Språkrådet overtar statsforvalterens myndighet til å føre tilsyn med språkreglene i den nye loven. Departementet vil imidlertid understreke at det er viktig at statsforvalteren gjør en risikovurdering og vurderer om det skal åpnes tilsyn for å avklare om kommunenes og fylkeskommunens praksis er i samsvar med minimumskravene i loven.

Språkrådet meiner det er positivt at departementet viser til at statsforvaltaren kan følgje opp retten til læremiddel gjennom tilsyn. Utdanningsdirektoratet fastset i dag tema for dei felles nasjonale tilsyna som statsforvaltaren gjennomfører, etter ei sentral risikovurdering for heile landet.⁵¹ Sidan desse nasjonale tilsyna utgjør majoriteten av tilsyna frå statsforvaltaren og temaa ligg fast over fleire år, vil ei føring om tilsyn med retten til læremiddel kunne få stor innverknad på praksis hos skuleeigarane.

Departementet skriv i høyringsnotatet at det «ser at elever som bruker nynorsk, har særlige utfordringer når det gjelder tilgang til læremidler, læringsressurser og verktøy på nynorsk» (s. 100). Ettersom departementet er kjent med at mange elevar ikkje får oppfylt rettane etter lova, meiner Språkrådet at risikovurderinga allereie er gjord frå nasjonalt hald.

Læremiddelsituasjonen har vore vanskeleg i mange år, og etter det Språkrådet kjenner til, har ikkje retten til læremiddel tidlegare vore tema for dei nasjonale tilsyna. Dersom retten til læremiddel blir gjord til tema for komande nasjonale tilsyn, vil ein sikre at statsforvaltarane får høve til å prioritere dette arbeidet.

Etter Språkrådets syn er det likevel ikkje slik at tilsynsordninga er tilstrekkeleg for få oppfylt elevane sine rettar. Språkrådet meiner departementet må gjere det enklare for skuleeigarane å følgje lova. Språkrådet held derfor fast ved framlegget om ein forskriftsheimel som kan leggje til rette for sentrale ordningar som sikrar at kommunane og fylkeskommunane etterlever lovkrava. Når departementet viser til at departementet har denne kunnskapen om at ei stor elevgruppe i den norske skulen manglar god tilgang til læremiddel, læringsressursar og verktøy på sitt eige opplæringspråk, er det grunn til å minne særskilt om det ansvaret som den nye språklova legg på det offentlege til å setje i verk tiltak som særleg styrkjer nynorsk, som det minst bruka norske skriftspråket.

6.7.11 Krav til rettskriving og godkjende ordlister og ordbøker

Framlegget til § 15-3 i den nye lova vidarefører kravet i den noverande opplæringslova § 9-4 andre leddet om at lærebøker på norsk og samisk og tilsvarande digitale læremiddel skal vere i samsvar med offisiell rettskriving.

I tredje leddet i § 15-3 i lovframlegget blir det presisert at krava til rettskriving gjeld både trykte og digitale læremiddel som er utvikla til bruk i opplæringa.

⁵¹ [Statsforvalternes tilsyn i 2020.](#)

Språkrådet stør departementet i vurderinga av at det er viktig å vidareføre kravet om at skulen berre kan bruke læremiddel som følgjer offisiell rettskriving. Det er ikkje minst viktig for å sikre dei samiske språkbrukarane ei god opplæring i skriftspråket sitt og tilgang til læremiddel av god språkleg kvalitet, sidan samiske språk ikkje er omfatta av reglane om rettskriving i § 10 i den nye språklova.

Den nye formuleringa i § 15-3 gjer det likevel ikkje klart at kravet om å følgje offisiell rettskriving gjeld lærebøker i alle fag, men kan gje inntrykk av at regelen berre gjeld faga norsk og samisk: «I norsk og samisk kan skolen berre bruke læremiddel som følgjer offisiell rettskriving.» Ei slik tolking vil altså vere direkte i strid med § 10 i språklova. Vi føreslår ei endring som samsvarar meir med den gjeldande § 9-4, til dømes dette:

Skolen kan berre bruke læremiddel på norsk og samisk som følgjer offisiell rettskriving.

Språkrådet stør framlegget til § 15-4 første leddet, som vidarefører kravet i gjeldande opplæringslov § 9-4 fjerde og sjette leddet om at norskspråklege ordlister og ordbøker til skulebruk skal godkjennast av Språkrådet. I høyringsnotatet (s. 98) blir det presisert at kravet ikkje gjeld samiske ordlister og ordbøker eller tospråklege ordlister.

I § 15-4 andre leddet føreslår departementet å lovfeste at skulen, så langt råd er, skal bruke skriveprogram som følgjer offisiell rettskriving. Språkrådet stør også dette framlegget, men viser også til vår omtale av digitale verktøy ovanfor og meiner at modifiserande tillegg som «så langt råd er» må strykast.

7 Oppfølging når eit vedtak ikkje blir gjennomført

7.1 Behovet for ein oppfølgingsmekanisme

Departementet vurderer i kapittel 57 ulike modellar for oppfølgingstiltak når kommunen og fylkeskommunen ikkje gjennomfører eit vedtak. Verken forvaltningslova eller opplæringslova regulerer dei tilfella der kommunane og fylkeskommunane ikkje gjennomfører innhaldet i eit vedtak. Det er likevel praksis i forvaltninga at elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning har høve til å klage på at vedtaket ikkje har vorte gjennomført. Utdanningsdirektoratet har slått fast at klageretten også må gjelde andre vedtak «som gir grunnleggjande forutsetningar for å sikre at eleven får tilstrekkelig utbytte av opplæringa», mellom anna vedtak om opplæring i og på teiknspråk.

Departementet spør om det er behov for ein slik oppfølgingsmekanisme, og om han bør lovfestast. Vidare skisserer departementet ulike løysingar for korleis manglande gjennomføring av enkeltvedtak kan følgjast opp, og ber om innspel til kva typar vedtak som bør omfattast av ordninga.

Språkrådet ser det som positivt at departementet løftar fram denne problemstillinga, og stør ønsket om få på plass ei ordning som sikrar at elevane faktisk får oppfylt dei rettane dei har etter lova.

Ei slik ordning kan med fordel gjelde fleire typar vedtak som gjeld språklege rettar. Som særlege døme vil Språkrådet peike på to typar vedtak som har mykje å seie for kva utbytte eleven får av opplæringa: vedtak om opplæring i og på norsk teiknspråk og vedtak om opplæring i kvensk/finsk. Språkrådet meiner det er gode grunnar til at ei oppfølgingsordning skal omfatte desse to vedtakstypane. Språkrådet tek ikkje stilling til kva form for oppfølgingsmekanisme som bør innførast, men til liks med departementet meiner Språkrådet at ei slik ordning bør lovfestast.

7.2 Enkeltvedtak om opplæring i og på norsk teiknspråk

Som nemnt ovanfor har elevar med vedtak om opplæring i og på norsk teiknspråk allereie fått ein uheimla rett til å klage på manglande gjennomføring av innhaldet i vedtaket. Det er positivt at dette har vorte etablert praksis i forvaltninga. Språkrådet meiner det likevel er viktig at ein oppfølgingsmekanisme blir sikra gjennom lova.

Dette kan også bli sett som ei konkret oppfølging av dei overordna føringane i den nye språklova. I språklovsproposisjonen er situasjonen for norsk teiknspråk omtala som prekær: «Språket har ei brukargruppe med eit spesielt utgangspunkt og er under press.»⁵² Norsk teiknspråk er derfor gjeve eit særskilt vern gjennom språklova. I språklova § 1 andre leddet bokstav c blir det slått fast at det offentlege skal verne og fremje norsk teiknspråk.

7.3 Enkeltvedtak om opplæring i kvensk eller finsk

I Troms og Finnmark fylke har elevar i dag rett til opplæring i kvensk eller finsk som andrespråk i grunnskulen så lenge minst tre elevar ønskjer slik opplæring. Departementet kjem i dette høyringsnotatet med framlegg om at denne retten skal utvidast, slik at han gjeld uavhengig av kor mange elevar ved skulen som ønskjer slik opplæring. Sjå kommentaren Språkrådet har til framlegget i kapittel 5. Kommunar utanfor Troms og Finnmark kan også tilby slik opplæring, dersom dei ønskjer det. Også vidaregåande skular kan tilby kvensk og finsk etter eige ønske. Læreplanane dekkjer heile grunnopplæringa.

Staten har forplikta seg til å leggje til rette for at den nasjonale minoriteten kvenar og norskfinnar skal kunne bevare og vidareutvikle sitt eige språk. Som departementet skriv, forpliktar offentlege organ seg etter den nye språklova til å setje i verk fleire positive tiltak for å fremje bruken av mellom anna kvensk enn det som følgjer av minoritetsspråkpakta: «Departementet er omfattet av loven og har dermed ansvar for å vurdere tiltak i egen sektor som fremmer språkene når det utformer sin sektorpolitikk» (s. 244).

Språkrådet meiner derfor det er naturleg at også vedtak om opplæring i kvensk og finsk blir omfatta av oppfølgingsmekanismen. Vi ser også for oss at denne typen oppfølging vil kunne gje nyttig informasjon om praksis ved skulane og også utgjere eit grunnlag for å vurdere tilsyn. Språkrådet er kjent med at lærarmangelen gjer at mange elevar i grunnskolen likevel ikkje får den opplæringa i kvensk eller finsk som dei har rett til.⁵³ Dette peikar også departementet på i høyringsnotatet (s. 246). Ein lovfesta oppfølgingsmekanisme for denne elevgruppa kan vere eit godt tiltak for å setje forvaltninga i stand til å vareta språkbrukaranes rett til opplæring.

Vi viser igjen til den nye språklova, som slår fast at offentlege organ skal ta ansvar for å verne og fremje kvensk, jf. § 1 andre leddet bokstav c.

7.3.1 Spesielt om elevar som får opplæring i kvensk eller finsk i vidaregåande skule

Elevar som får opplæring i kvensk og finsk i vidaregåande skole, skal også ha enkeltvedtak om dette, sjølv om det er opp til den enkelte fylkeskommunen å tilby slik opplæring. Sjølv om denne elevgruppa per i dag ikkje har ein lovfesta rett til opplæring i kvensk og finsk, må dei like fullt bli omfatta av oppfølgingsmekanismen dersom fylkeskommunen har gjort vedtak om at dei skal få slik opplæring.

8 Oppfølging

Rolla til Språkrådet er å koordinere og sikre god gjennomføring av den sektorovergripande norske språkpolitikken på alle områda i staten. Det følgjer naturleg av denne rolla at

⁵² Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*, s. 13.

⁵³ *Språkstatus 2021. Språkpolitisk tilstandsrapport*. Språkrådet, s. 45.

Språkrådet tek del i arbeidet med utforminga av forskriftene til opplæringslova. Språkrådet møter gjerne Kunnskapsdepartementet for å utdjupe innhaldet i fråsegna her.